

Styremøte i Voss idrottsråd 26.08.2015. Idrottshuset kl.21.

Til stades: Asle Bergstrøm, Ingvill Knapstad Bidne, Bent Kvamme, Gunn Marit Bergstrøm, Borghild Haugo Ure, Frode Rokne, Einar Melve

Sakliste:

Referat frå styremøte 15/6-2015

Tilskot til vedlikehald av idrettsanlegg (skianlegga). Høyringsfråsegn frå Voss Idrottsråd.

LAM-midlar til idrettslaga. Framlegg til fordeling vert framlagt i møtet.

Statusrapport «Vossabadet». Munnleg orientering v/Asle.

Tove Iren Vindenes. Nytilsett medarbeidar i Norges Håndballforbund region Vest og Hordaland Fotballkrets. Inkludering fuksonshemma.

Debattmøte Hordaland idrettskrets 27.08.15 kl.18-20. Idrettspolitik i samband med kommune og fylkestingvalet.

Ymse

Referat frå styremøter 15/6 2015:

Ingen kommentarar. Referatet vart godkjent.

Tilskot til vedlikehald av idrettsanlegg (skianlegga). Høyringsfråsegn frå Voss Idrottsråd: Asle orienterte og la fram eit framlegg til vedtak til fordeling av anleggsmidlane. Midlane til vedlikehald av vinteranlegga er delt i to grupperingar: Kr. 40 000 (Bavallen hopp, Bavallen Alpint, Voss Ski- og Tursenter) og kr. 80 000 (Tunåsen Hoppanlegg, Framnesbakken, Dalane skisenter, Bømoløypa, Årmotslia skisenter, Tillungsbakken). Satsane for tildelinga har vore uendra i 15 år. Framlegget vart godkjent, men det vart gjort ein merknad for framtida som bør gjevast som ein munnleg kommentar til Nils Helge Kvamme: Korleis er stoda rundt i hoppanlegga per dags dato? Vert dei nytta og haldne ved like? Bør ein samla aktiviteten i færre anlegg? Desse problemstillingane kan få innverknad på tilskota framover.

LAM-midlar til idrettslaga. Framlegg til fordeling: Asle orienterte om framlegget. Grunnlaget for fordelinga er talet på aktive medlemmar i laga i aldersgruppa 12-19 år + premiering for aldersgruppa 6-12 år. Medlemmene

kan stå som aktive i fleire ulike grupper. Det er antal aktivitetar som tel. Til fordeling: kr. 835 362. Minimumsbeløp til laga er kr. 1000. Det er tildelt midlar til idrettskulane (Bjørgum, Ørnar, Voss og Bulken) med ein grunnpris på kr. 30 000 for laget med flest deltakarar og tildeler dei andre med tilsvarande fordelingsforhold/sum deltakarar. Det er viktig at laga er kjent med at dei sjølv er ansvarleg for å rapportere inn medlemstalet. Framlegget vart godkjent.

Statusrapport «Vossabadet»: Asle informerte frå orienteringsmøte med ordføraren. Tema for møte var historikken rundt prosessen med «Vossabadet», framdrifta vidare og brukarmedverknad i vidare arbeid. Asle og Tore formulerte eit brev til ordføraren 17.06.2015, der dei framheva at idrottsrådet har vorte sett på sidelinja i prosessen rundt «Vossabade». Eit sentralt punkt her er brukarretten som Voss IL og fotballklubben Voss har i idrottshuset. Ein

avtale som vart utforma i 1977 (tinglyst). Denne avtalen er i fylgje Asle ikkje teke omsyn til i den nye tomtesituasjonen.

Framdriftsplan «Vossabadet»: 4. september 2015: frist for anbod frå prekvalifiserte firma. 22. september 2015: utval av dei prekvalifiserte firma som ein skal arbeide vidare med. 5. januar 2016: kontraktskriving med firma. Fram til 18. april 2016: Brukarane kan koma med innspel byggeplanane. 23. mai 2016: Start byggeprosess. 29. mai 2017: Ferdig.

I forhold til idrottshuset er situasjonen uavklara. Det er ikkje planar om å integrere dette i «Vossabadet».

Tove Iren Vindenes: Nytilsett medarbeidar i Norges Håndballforbund region Vest og Hordaland Fotballkrets. Skal arbeide med inkludering av funksjonshemma. Ho skal arbeide i team med Stig Blindheim, klubb utviklar inkludering fleirkulturelle.

Debattmøte Hordaland idrettskrets 27.08.15 kl.18-20: Asle hadde formeininga om at me bør ha fokus på lokalt arbeid. Det vart vedteke at ingen reiser på debattmøtet.

Ymse:

Eldsjelprisen: Borghild har vore på møte.

☒ Rekvisisjonar til kasserar Frode: Tidsskriftet «Idrettsanlegg» og domene.

☒ Asle informerte om ungdoms OL på Lillehammer i 2016, som er for utøvarar i aldersgruppa 14-18 år. I denne forbindelsen kan det verta aktuelt med eit arrangement for skulane på Voss i regi av Hordaland idrettskrets. Ein kjem tilbake med vidare planar.

☒ Det vart vedteke å gje Viljar IL ei gåve på kr. 10 000 i forbindelse med opninga av det nye nærmiljøanlegget på Palmafossen. Den offisielle opninga er 05.09.2015.

☒ Gunn Marit: Skal me arrangere temakveld/dag – leige inn foredragshaldar? Me har dette i tankane til neste styremøte.

☒ Frode: Eit interessant tema som kan takast opp er dugnadsånd vs. profesjonalisering i idretten .

Neste styremøte er ikkje fastsett.

Referent

Bent Kvammes